



Pressemelding 12. februar 2021

Alver held fram med strenge koronatiltak

Det blir framleis stengte butikkar og påbod om heimekontor, men fleire moglegheiter for vaksne som ønskjer å trene.

Regjeringa har justert dei regionale koronatiltaka. Frå måndag 15. februar skal innbyggjarane i Alver følgje tiltaka i [kapittel 5D i den nasjonale Covid-19-forskrifta](#).

Tiltaka er i stor grad dei same som gjeld denne veka, men to ting blir lov i neste veke:

- Treningscenter kan halde ope for innbyggjarar i Alver
- Utandørs aktivitet for vaksne og organisert trening for toppidrettsutøvarar

Dei nye tiltaka gjeld i ei veke, til og med måndag 22. februar.

– Sjølv om smittesituasjonen i Alver er uforandra, blir vi påverka av og må forhalde oss til det som skjer i Bergen. Når Bergen justerer tiltaka sine, må vi justere tilsvarande, forklarar ordførar i Alver, Sara Hamre Sekkingstad.

Ho ber innbyggjarane om å hjelpe og støtte kvarandre.